



Byggassistenten Risøy  
Solåsen 2H  
5223 NESTTUN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/6168 - 23/45374

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
09.06.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 81/3 Risøy**

Tiltak: Flytebrygge med landgang - dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 81/3  
Tiltakshavar: Leif Terje Fønnes  
Ansvarleg sækjar: Byggassistenten Risøy

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.06.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi kan handsame dispensasjon slik søknaden ligg i dag med tilleggsdispensasjon frå føremål i sjøen og rår til at du sender inn tilleggsopplysningar og ny byggesøknad med ansvarsrett etter PBL §20-1. Evt. kan du endre søknadstype til rammesøknad, men vi trenger opplysningar for å handsame byggesøknaden.

Du må gi beskjed om du ønska handsaming kun dispensasjon, då slipper du gebyr for byggesak. Byggesak kan handsamas etter dispensasjon er gjeve og klagefristen er over. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå føremål i sjøen- bruk og vern av sjø og vassdrag skal sendast inn.
2. Målsatte teikningar av flytebryggje skal sendast inn. Materialval skal beskrivast.
3. Byggesøknad kan ikkje handsamast utan løyve frå Bergen hamn. Du har sendt førehandsuttale frå Bergen hamn, men det krevjast løyve etter Hamnelova ved handsaming av eitt-trinns søknad. Evt. kan du søke om rammeløyve på vilkår.
4. Byggesøknad må sendast av ansvarleg sækjar og inneheld erklæringar om ansvarsrett for prosjektering/utføring og gjennomføringsplan. Du kan evt. søke om ansvarsrett som sjølvbyggjar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.08.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## GENERELL INFORMASJON

### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Leif Terje Fønnes

Bjøllebotn 91

5226 NESTTUN

### Mottakarar:

Byggassistenten Risøy

Solåsen 2H

5223 NESTTUN